

AVGJERD nr. 208**2014/EØS/21/24****av 11. mars 2008****om fastsetjing av ei felles ramme for innhenting av opplysningar om avgjerse av pensjonskrav****(2008/683/EF)(*)**

DEN ADMINISTRATIVE KOMMISSJONEN TIL DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA FOR TRYGD FOR VANDREARBEIDARAR HAR —

med tilvising til artikkel 81 bokstav d) i rådsforordning (EØF) nr. 1408/71⁽¹⁾, som gjev Den administrative kommisjonen pålegg om å fremje og utvikle samarbeidet mellom medlemsstatane ved å modernisere framgangsmåtane for utveksling av opplysningar, særleg ved å tilpasse informasjonsstraumen mellom institusjonar med sikte på telematikkutveksling, samstundes som det vert teke omsyn til utviklinga innanfor datahandsaming i kvar medlemsstat; hovudføremålet med ei slik modernisering skal vere å få i stand ei snøggare tildeling av ytingar,

med tilvising til artikkel 117 i rådsforordning (EØF) nr. 574/72⁽²⁾, som gjev Den administrative kommisjonen pålegg om, på grunnlag av granskingar og framlegg frå Det tekniske utvalet som er nemnt i artikkel 117c i gjennomføringsforordninga, å tilpasse blankettane, og dessutan dei metodane og framgangsmåtane for dataoverføring som er fastsette for bruken av forordninga og gjennomføringsforordninga, til nye metodar for datahandsaming, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) For å hjelpe Den administrative kommisjonen med å vurdere korleis arbeidet til Det tekniske utvalet medverkar til ei snøggare tildeling av ytingar, bør det gjevast visse grunnleggjande opplysningar, både kvantitative og kvalitative.

- 2) Skilnadene mellom dei tilgjengelege opplysningane i dei ulike medlemsstatane gjer jamføring vanskeleg, og innhentinga av statistiske opplysningar bør ikkje vere ei tung og unaudsynleg byrde for medlemsstatane.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 223 av 21.8.2008, s. 25, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 10/2009 av 5. februar 2009 om endring av EØS-avtalens vedlegg VI (Trygd), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 16, 19.3.2009, s. 16.

⁽¹⁾ TEF L 149 av 5.7.1971, s. 2. Forordninga sist endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1992/2006 (TEU L 392 av 30.12.2006, s. 1).

⁽²⁾ TEF L 74 av 27.3.1972, s. 1. Forordninga sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 101/2008 (TEU L 31 av 5.2.2008, s. 15).

- 3) Målet er difor å hente inn viktige grunnleggjande opplysningar om handsaming og avgjerse av alderspensjonskrav, for såleis å betre kunnskapen om situasjonen i kvar einskild medlemsstat, særleg for å finne dei største flaskehalsane i systema og framgangsmåtane i den einskilde medlemsstaten, dele informasjon om god praksis og utvikle idear om korleis handsamingstida kan reduserast, i tillegg til å fastsetje tydelege referansepunkt som gjev medlemsstatane eit grunnlag for å måle sine egne prestasjonar.
- 4) Det bør difor fastsetjast ei vid felles ramme for innhenting av opplysningar om avgjerse av pensjonskrav, og for dette føremålet bør dei kompetente styresmaktene fastsetje detaljerte retningslinjer for dei nasjonale institusjonane.
- 5) Ved utforminga og gjennomføringa av dei nasjonale interne systema for innhenting av opplysningar om handsaming og avgjerse av pensjonskrav skal dei kompetente institusjonane ta omsyn til utviklinga og den komande innføringa av elektronisk utveksling av trygdeopplysningar (EESSI).
- 6) Avgjerd nr. 182, der det er fastsett ei slik felles ramme, gjekk ut 1. januar 2006 —

TEKE DENNE AVGJERDA:

1. Dei kompetente institusjonane i medlemsstatane (eller utpeikte kompetente institusjonar, dersom det finst fleire kompetente institusjonar i ein medlemsstat) bør gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at dei opplysningane som er nemnde i nr. 5, kan hentast inn og sendast over.
2. Desse opplysningane skal i januar kvart år sendast over til Det tekniske utvalet som er nemnt i artikkel 117c i forordning (EØF) nr. 574/72.
3. Sekretariatet for Det tekniske utvalet skal ha ansvaret for å samordne innhentinga av desse opplysningane og, etter godkjenning frå Det tekniske utvalet, for å utarbeide eit årleg samandrag som skal leggjast fram for Den administrative kommisjonen.
4. Dei opplysningane som vert henta inn, skal berre gjelde for alderspensjonar der personen som fremjar krav om pensjon, er busett i ein annan medlemsstat, og skal omfatte følgjande:
 - a) Reaksjonstida for den handsamande institusjonen i bustadsstaten (dvs. den tida det tek for den handsamande institusjonen å melde frå til den kompetente institusjonen om at det er fremja eit krav om pensjon overfor sistnemnde institusjon). I denne avgjerda tyder «handsamande institusjon» den institusjonen i bustadsstaten til personen som fremjar krav om pensjon, som har ansvaret for å fylle ut blankett E 202, medan ein «kompetent institusjon» tyder den institusjonen i ein medlemsstat som mottek den utfylte blanketten E 202, og som har ansvaret for å handsame kravet i samsvar med dette.
 - b) Handsamingstida ved den kompetente institusjonen (dvs. den tida det tek for den kompetente institusjonen å ta ei endeleg avgjerd).
 - c) Den samla handsamingstida i dei to medlemsstatane som det gjeld (dvs. den tida som personen som fremjar krav om pensjon, må vente før den endelege avgjerda vert teken, rekna frå datoen då kravet først vart lagt fram for den handsamande institusjonen).

Merknad: Tilvisinga til «blankett E 202» skal nyttast tilsvarende på det aktuelle strukturerte elektroniske dokumentet (SED) når den elektroniske utvekslinga tek til i medhald av EESSI-prosjektet.

5. Dei opplysningane som vert henta inn, skal omfatte følgjande:
 - a) den gjennomsnittlege, kortaste og lengste tida gjennom dei siste tolv månadene før den handsamande institusjonen har sendt over alderspensjonskrav til den kompetente institusjonen,
 - b) den gjennomsnittlege, kortaste og lengste tida gjennom dei siste tolv månadene før den kompetente institusjonen tek ei endeleg avgjerd om alderspensjon når personen som fremjar kravet, er busett i ein annan medlemsstat,
 - c) ein kort kommentar frå den kompetente institusjonen for å setje opplysningane i ein rett samanheng, og for å forklare kva faktorar som har påverka avgjersla i samband med den kortaste og lengste handsamingstida,
 - d) ei kort forklaring frå den kompetente institusjonen av den metoden som er nytta, om det er nytta utval eller ikkje, storleiken på utvalet, tidsrommet, talet på saker som er handsama, osv.
6. Dersom det er mogleg, skal innhentinga av opplysningar starte i januar 2008, slik at Det tekniske utvalet kan få sendt over opplysningar første gongen i januar 2009.
7. Kvar einskild medlemsstat vil leggje fram opplysningane sine for Det tekniske utvalet med sikte på å fremje utveksling av røynsler og spreining av god praksis.
8. Systemet for innhenting og bruk av opplysningar skal reviderast ved slutten av kvart år, og dersom det er naudsynt, skal det leggjast ved framlegg til betringar.
9. Denne avgjerda skal kunngjerast i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 2008.

President for Den administrative kommisjonen

Jana LOVŠIN
